



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Alan Khaderi, 5764 3107

Varsel om felles nasjonalt tilsyn med Lindås kommune - kommunen si forvaltning av introduksjonslova - krav om individuell plan

Fylkesmannen i Vestland opnar med dette tilsyn med Lindås kommune. Tilsynet gjeld kommunen si forvaltning av lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak (introduksjonslova).

Fylkesmannen sin heimel for å føre tilsyn

Introduksjonslova § 23 gjev Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfyljing av plikter etter same lov kapittel 2 til 4 A [§ 27 a] og registrering i personregister etter § 25 a andre ledd. Tilsynsheimelen omfattar òg forskrifter gitt i medhald av desse føresegnene. Tilsynet skal gjennomførast i samsvar med kommunelova kapittel 10 A, jf. introduksjonslova § 23 andre ledd.

Føremålet med tilsynet

Føremål med tilsynet er å bidra til auka etterleving av lova og kvalitet i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på introduksjonslova kan få konsekvensar for rettstryggleiken til deltakarane. Det kan òg få samfunnsøkonomiske konsekvensar gjennom forseinkingar i den einskilde sin overgang til utdanning eller arbeid.

Tema for tilsynet

Fylkesmannen skal i 2019 gjennomføre tilsyn med kommunen si forvaltning av introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd, samt forvaltingslova sine føresegner om enkeltvedtak knytt til desse paragrafane.

Tilsynet vil omfatte om kommunen sikrar:

- 1) utarbeiding av individuelle planar i tråd med lovkrava i § 6 og § 19 første ledd som fastsettast ved enkeltvedtak
- 2) at den individuelle planen er individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakar
- 3) at den individuelle planen inneheld start på programmet, tidsfasar og oversikt over tiltaka i programmet
- 4) at planen takast opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon
- 5) at vesentlege endringar i den individuelle planen vert fastsett ved enkeltvedtak



Tilsynet omfattar ikkje individuell plan for dei som berre deltek i opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova §§ 17 og 19, og som ikkje har denne opplæringa som ein del av eit introduksjonsprogram. Tilsynet er vidare avgrensa mot ei nærare vurdering av introduksjonsprogrammet sitt innhald (kor føremålstenleg tiltaka som inngår i programmet er). Vurderingar av kommunen sin prosess rundt utarbeiding av den individuelle planen og vurderingar som avheng av kommunen sitt skjøn er heller ikkje del av tilsynet.

Kven tilsynet omfattar

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for forvaltninga av introduksjonslova. Dersom andre gjer tenester på vegne av kommunen, vil desse kunne bli bedne om å gje informasjon, men Fylkesmannen sin konklusjon vil rette seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette for introduksjonsprogram.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet vil i utgangspunktet vere eit skriftleg tilsyn. Med det meiner vi at:

- Kommunen sender inn dokumentasjon slik det går fram av dette varselet.
- Fylkesmannen vurderer dokumentasjonen.
- Fylkesmannen utarbeider ein førebels tilsynsrapport, som kommunen får høve til å uttale seg om før ein endeleg rapport blir utarbeidd og sendt til kommunen.
- Saman med utsending av endeleg rapport får kommunen ein frist til å sende inn ein plan som synar tiltak som skal setjast i verk for å få ein praksis som er i samsvar med regelverket. På grunnlag av kommunen sin plan får kommunen ein rimeleg frist til å rette tilhøva.
- Dersom lovbrøt ikkje er retta innan fristen, kan Fylkesmannen gje pålegg om retting.

Dersom vi, etter å ha vurdert den innsendte dokumentasjonen, ser at vi treng meir informasjon for å få opplyst faktum, kan det bli aktuelt å innhente meir dokumentasjon. Det kan også bli aktuelt å intervjuje tilsette i kommunen og/eller deltakarar i introduksjonsprogrammet. Eit alternativ til intervju av deltakarane i introduksjonsprogrammet kan vere å be dei om svare på eit spørjeskjema.

Tidsplan for tilsynet

Førebels tidsplan er som følgjer:

9. august 19	Frist for innsending av dokumentasjon til fylkesmannen
Veke 33/34	Gjennomgang av dokumentasjon
9. september	Utsending av førebels tilsynsrapport
12. september	Slutt møte med kommunen
7. oktober	Frist for tilbakemelding frå kommunen på førebels tilsynsrapport
21. november	Utsending av endeleg tilsynsrapport

Det vert teke atterhald om endringar i planen.

Tilsynsgruppe og kontaktperson hos Fylkesmannen

Tilsynet vert gjennomført av tilsynsleiar Andreas Bratshaug Stenersen og Alan Khaderi. Kontaktperson hos Fylkesmannen er Andreas Bratshaug Stenersen: e-post fmhoabs@fylkesmannen.no og telefon 55 57 21 69.

Kontaktperson hos kommunen



Vi ber kommunen om å utpeike ein kontaktperson for dette tilsynet og melde frå til fylkesmannen snarast mogleg.

Innsending av dokumentasjon

Vedlegget inneheld eit spørjeskjema som kommunen skal fylje ut og sende med dokumentasjonen. Det er viktig at aktuell dokumentasjon blir knytt opp til dei enkelte spørsmåla i spørjeskjemaet. Frist for innsending av dokumentasjon er 22. juli 2019.

Vi ber kommunen om å gje ei kort utgreiing om arbeidet med introduksjonsprogrammet som visar:

- Omfang – kor mange deltakarar, nasjonalitetar, utdanningsbakgrunn osv.
- Organisering av arbeidet/oversikt over struktur.
- Planar og rutinar, særleg ved mottak av deltakarar og oppstart av program.
- Kort om innhaldet i programmet – programelement.
- Kort om korleis kommunen sikrar at programmet er på fulltid og heilårleg

I den grad det ligg føre ber vi om at følgjande skriftleg dokumentasjon vert oversendt:

- Planar og rutinar, særleg ved mottak av deltakarar og oppstart av program.
- Eventuelt årshjul.

Fem deltakarmapper som bør innehalde:

- Enkeltvedtak om tildeling av introduksjonsprogram, opplæring i norsk og samfunnskunnskap og eventuelt grunnskulefag.
- Kartleggingar.
- Individuell(e) plan(ar) for bade norskopplæring og introduksjonsprogrammet.
- Andre enkeltvedtak, t.d. opphøyr av program, forlenga program, vesentlege endringar av individuell plan.
- Timeplanar pr. i dag.
- Alle journalnotatar.

Eventuell anna relevant dokumentasjon.

Dokumentasjonen som vert sendt inn kan verte unntatt frå innsyn i den grad dette er heimla i offentlegheitslova.

Vedlegg: Spørjeskjema/Kontrollspørsmål

Med helsing

John Ole Vange
seksjonsleiar

Andreas Stenersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen

Kontrollspørsmål

1. Utarbeider kommunen ein individuell plan som blir fastsett med enkeltvedtak?	Ja/Nei
1.1. Utarbeider kommunen ein skriftleg individuell plan som samla til eitt heilskapleg dokument?	
1.2. Ligg ein individuell plan som fyll minstekrava i lova og er utarbeidd av kommunen føre innan tre månader etter busetjing i kommunen, eller etter at krav om deltaking er framsett?	
1.3. Inngår den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap som ein del av den individuelle planen for heile introduksjonsprogrammet?	
1.4. Samarbeider dei i kommunen som er ansvarleg for introduksjonsprogrammet (flyktingteneste/NAV/programrådgjevar) med dei som er ansvarleg for norskopplæringa (vaksenopplæringa/skulen/lærar)?	
1.5. Er innhaldet i den individuelle planen grunngjeve?	
1.6. Blir det i den individuelle planen vist til introduksjonslova § 6 og § 19 fyrste ledd?	
1.7. Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg skriftleg underretning om fastsetjinga av den individuelle planen?	
1.8. Blir det opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans, den nærare framgangsmåten ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka?	

2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?	Ja/Nei
2.1. Har kommunen gjennomført ei kartlegging av kompetansen og opplæringsbehovet til deltakaren?	
2.2. Har kommunen rettleia deltakaren om kva den individuelle planen er og kva som er føremålet med planen?	



2.3.	Er den individuelle planen utarbeidd i samråd med deltakaren?	
2.4.	Vurderer kommunen i kvart enkelt tilfelle om det er naudsynt med tolk?	
2.5.	Bruker kommunen tolk om det er naudsynt?	
2.6.	Går deltakaren sine mål fram av den individuelle planen?	
2.7.	Skiljast det mellom mål som ligg innanfor ramma av programmet, og dei som ligger lenger fram i tid?	
2.8.	Inneheld planen både hovudmål og delmål?	
2.9.	Viser planen kva framdrift som er forventa for dei ulike måla?	
2.10.	Er måla i deltakaren sin individuelle plan i samsvar med introduksjonslova sitt formål og siktemåla i § 4 første ledd om grunnleggjande dugleik i norsk, grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv og førebuing for deltaking i yrkeslivet?	
2.11.	Er måla for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap fastsett i samsvar med nivå, kompetansemål og emne som omtala i forskrifta om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara?	
2.12.	Har kommunen grunngjeve og dokumentert si avgjerd om programmet sitt innhald i den individuelle planen i tilfelle kor kommunen og deltakaren er usamd om innhaldet?	

3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?		Ja/Nei
3.1.	Går tidspunktet for starten og lengda på programmet fram av den individuelle planen?	
3.2.	Er dei tre obligatoriske innhaldselementa norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til yrkeslivet med i den individuelle planen?	
3.3.	Går det fram av den individuelle planen kva tid tiltaka skal bli gjennomført (tidsfasar)?	
3.4.	Går det fram av den individuelle planen kven som har ansvaret for å gjennomføre dei ulike tiltaka (ansvarstilhøve)?	



3.5.	Går det fram av den individuelle planen korleis deltakaren skal få gjennomført pliktige timer i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 innanfor ramma av programmet?	
------	--	--

4. Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?		Ja/Nei
4.1.	Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i programmet?	
4.2.	Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.3.	Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering minst ein gong i halvåret?	
4.4.	Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?	
4.5.	Blir det gjort ei ny vurdering både for planen for introduksjonsprogrammet og for planen for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.6.	Blir revideringar i planen gjort i samråd med deltakaren?	

5. Blir vesentlege endringar i den individuelle planen fastsett ved enkeltvedtak?		Ja/Nei
5.1.	Får deltakaren varsling på førehand og høve til å uttale seg før kommunen fastset vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.2.	Blir vesentlege endringar i planen gjort skriftleg (ev. får deltakar ny skriftleg plan)?	
5.3.	Grunngjev kommunen avgjerda om vesentlege endringar i planen?	
5.4.	Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg underretning om fastsetjinga av vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.5.	Blir det ved rettleiinga om vesentlege endringar i den individuelle planen opplyst om klagerett, klagefrist, den nærare	



framgangsmåten ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka?	
--	--